

Søknad – Byregion Fase 2

Søknadsnr.	2015-0031	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Utviklingsprogrammet for byregioner fase 2 (2015-2017)			
Prosjektnavn	Stord - Sunnhordlandsregionen , fase 2			

Kort beskrivelse

Regionen Sunnhordland deltok i fase1 i Byregionprogrammet med prosjektet "Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?" I den fasen vart det blant anna stilt spørsmål til om Stord er det lokomotivet som ein forventar at eit regionsenter skal vera for regionen. Gjennom arbeidet i fase1 er det gjennomført ein samfunnsanalyse, ein arbeidsplassanalyse og ein målepunktanalyse om Stord si rolle som regionsenter. UTFYLL.SØKNAD INKL.AKTIVITEAR VEDLAGT PGA.PLASSMANGEL

Prosjektbeskrivelse

Føremålet med prosjektet er å medverka til utvikling av eit robust Sunnhordland. Gjennom arbeidet skal det skapast grunnlag for – og leggast til rette for auka samhandling mellom ulike aktørar på ulike nivå. Det skal skapast gode møteplassar mellom næringsliv og politikarar, mellom ulike næringsaktørar og bransjar.

Gjennom arbeidet med dei valte strategiane skal ein arbeida for å ta ut eit potensiale som ikkje er teken fullt ut. I dette ligg blant anna å arbeida for fleire med rett kompetanse, innovasjon og knoppskyting, og kontinuerlig forbetring i bedriftene.

Møteplassar mellom politikarar, ungdom og næringsliv skal ha fokus på utvikling av regionen. Skal ein lukkast i arbeidet med ny kommunestruktur må det byggjast kjennskap og tillit mellom ulike aktørar.

Det skal arbeidast med mål og strategiar for ei ønska utvikling av regionen med Stord som regionsenter og ei rolleavklaringar mellom dei regionale sentera Leirvik og Husnes, og andre kommune- og lokalsenter i regionen.

Det er gjennomført prosessamlingar for å få definert strategiar og tiltak innafor tema og samfunnsområde mellom byen og omlandet for å fremja økonomisk vekst. Dei skal vidare danna grunnlaget for ein utviklingsplan for Sunnhordland.

Gjennom prosessen er regionen kome fram til fire strategiar som det skal arbeidast med i fase 2.

Visjon

Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland!

I fase 1 vart det stilt spørsmål til om Byen og regionsenteret Stord- var lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland. No er visjonen at byen og regionsenteret skal vera det. Difor er spørsmålsteiknet bytta ut med eit utropsteikn.

Strategi 1. Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling

Ved å vidareutvikla eksisterande næringsliv, skapa nye møteplassar på tvers i bransjar og imellom ulike bransjar skal innovasjon og nytenking sikra eksisterande arbeidsplassar og utviklast nye.

Strategi 2. Den tette byen

Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå.

Strategi 3. Saman er me sterke

Ved å utvikla tette samarbeidsarenaer skal regionen vidare utviklast til å verta attraktiv for nye innbyggjarar og for dei som alt bur her.

Strategi 4. Kompetanseregionen

Behalda og utvikla kompetansen i regionen.

Deltatt i fase 1 av Utviklingsprogrammet for byregioner: Ja

B - Vurdering

Funna i samfunnsanalysen syner at Stord har høgaste arbeidsplassdekning og høgaste andel innbyggjarar med høgare utdanning. Stord har og sentrale hjørnesteinbedrifter med høg kompetanse. Stord vert opplevd som regionsenter, men mange stiller spørsmål om Stord på ein god måte tar vare på sin status som regionsenter. Me meiner at det er ein god samheng mellom funna i samfunnsanalysen og dei prioriterte tema i fase 2. Skal ein få til økonomisk vekst i regionen som heilskap må dette bygga på auka samhandling mellom bedrifter, klyngeutvikling, auka samhandling mellom ulike aktørar, kompetaseutvikling og auka attraksjon.

Relevans

Strategiane har relevans i høve til både kommunale og regionale planprosessar, jamf. punkt om forankring.

Gjennom arbeidet med strategiane vil regionen både skapa og tryggja arbeidsplassar. Klyngeutvikling vil skapa både nye og trygga eksisterande. Dette vil også ha fokus gjennom strategien som går på kompetanse.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Stord kommune Org.nr:939866914	Rådhuset, Borggata 2 5402 STORD	91644039
Kontakt- person	Magnus Mjør	Rådhuset, Borggata 2 5402 STORD	91644039
Prosjekt- leder	Stord kommune	Rådhuset, Borggata 2 5402 STORD	91644039

Geografi

1216-Sveio, 1219-Bømlo, 1221-Stord, 1222-Fitjar, 1223-Tysnes, 1211-Etne, 1224-Kvinnherad, 1244-Austevoll

Spesifikasjon

Bakgrunn

Samfunnsanalysen

Målsetnaden med samfunnsanalysen var å studera samhandling mellom Stord som regionsenter og kommunane i Sunnhordland for mellom anna å kunna identifisera eventuelle flaskehalsar og problemområde knytt til regional vekstkraft.

I forprosjektet har parametera befolkning, infrastruktur, kompetanse, bustadbehov, arbeidsmarknad inkludert arbeidplassanalyse handels og målepunktanalyse for Stord som regionsenter vore handsama. Datamateriellet er ikkje fullstendig, men utgjør likevel eit godt grunnlag for ein overordna samfunnsanalyse for både Stord og Sunnhordland.

Stord oppfyller på mange måtar sin status som regionsenter, både i kraft av befolkningsstorleik, nettoinnpendling, infrastruktur, kompetansenivå, dekningsgrad detaljhandel og arbeidsplassdekning. Den direkte samfunnseffekten av til dømes arbeidsplassar generert på Stord, jf. nettoinnpendling har ikkje vore tema i fase1., men vil kunna vera eit interessant og aktuelt kunnskapsbidrag for seinare analysar. Flaskehalsar og utfordringar er først og fremst knytt til infrastruktur og komande planarbeid knytt til ferjefri kyststamveg (E39) gjennom regionen. Målepunktanalysen indikerer også at Stord har utfordringar i forhold til korleis rolla som regionsenteret blir forvalta. I tillegg har Sunnhordland ei stor utfordring i høve til posisjonering og samhandling i forhold til sterke regionar i bergens – og haugesundsområdet. I dette arbeidet er der viktig at Stord tar rolla som lokomotiv for regionen Sunnhordland. (sjå vedlegg tabell :tema / område-Lokomotiv - Flaskehals)

I samfunnsanalysen er det ikkje definert kven og kva som er drivarar. Dette ynskter ein å definera i prosessamlingane.

Befolkning

Gjennom samfunnsanalysen kjem det fram at Stord er den kommunen i regionen som har høgaste folketal, har hatt størst folkeauke dei siste 15.åra og har størst forventa auke i framskriving fram til 2014. Det har vore nedgang i nokre kommunar og er ikkje forventa så høg veks som i Stord.

Stord har den høgast utdanna befolkning i regionen.

Stord har ein arbeidsplassdekning på over 100% og har hjørnesteinsverksemder med mange arbeidsplassar. Dette gjer og regionen sårbar for svingingar i ordresituasjonen, og Stord har hatt to omstillingsperiodar i regi av Kommunal og moderniseringsdepartementet, siste i perioden 2001 – 2007. I mars 2015 opplevde regionen at hjørnesteinsverksemda Kværner ikkje fekk kontrakten på bygging av Johan Sverdrup, ein kontrakt som ville gje sysselsetjing i fleire år framover. Dette gjev regionen store utfordringar.

B. vurdering

Funna i samfunnsanalysen syner at Stord har høgaste arbeidsplassdekning og høgaste andel innbyggjarar med høgare utdanning. Stord har og sentrale hjørnesteinbedrifter med høg kompetanse. Stord vert opplevd som regionsenter, men det vert stilt spørsmål om Stord på ein god måte tar vare på sin status som regionsenter. Me meiner at det er ein god samheng mellom funna i samfunnsanalysen og dei prioriterte tema i fase 2. Skal ein få til økonomisk vekst i regionen som heilskap må dette byggja på auka samhandling mellom bedrifter, klyngeutvikling, auka samhandling mellom ulike aktørar, kompetaseutvikling og auka attraksjon.

Relevans

Strategiane har relevans i høve til både kommunale og regionale planprosessar, jamf. punkt om forankring.

Gjennom arbeidet med strategiane vil regionen både skapa og tryggja arbeidsplassar. Klyngeutvikling vil skapa både nye og trygga eksisterande. Dette vil også ha fokus gjennom strategien som går på kompetanse.

Prosessamlingar

For å komma fram til dei strategiane det skal arbeidast med i fase 2. er det gjennomført to strategisamlingar.

36 deltakarar frå åtte kommunar, bedrifter, næringsråd, ungdomsråd, Hordaland fylkeskommune, ordførarar og rådmenn deltok på første prosessamling. Eit representativt utval deltok på andre samling.

Etter ein kort presentasjon av samfunnsanalysen starta prosessen, som var lagt opp som ein kafeprosess. Eit sentralt spørsmål var Stord vs resten av regionen.

Deltakarane vat utfordra til å koma med minst 5 punkt som byggjer opp under Stord som regionsenter?

Kva er utfordringane ved Stord som regionsenter?

Kva betyr Stord for utvikling av Sunnhordland

Kva betyr regionen for utvikling av Stord?

På denne samlinga fekk ein og drøfta kva som er drivarane i regionen og det vart gjort prioriteringa på tre strategiske mål.

- Saman er me sterke
- Den tette byen
- Kraftsenter for klyngeutvikling

På prosessamling to fekk deltakarane presentert strategiane på ny og arbeidde for å finna indikatorar, måltal og tiltak.

På denne samlinga vart det og lagt til en strategi til ein ny strategi - Kompetanse

På første samlinga vart ein samde om at skal regionen lukkast med i å arbeida tettare saman gjennom fase 2. må det i tillegg til strategiar også ligga nokre verdiar til botn for arbeidet. Det er gjennomført ein Swot analyse og ei brei drøfting på kva som er viktig ta fatt i.

Verdiar for arbeidet i fase2

For å lukkast i arbeidet bør det ligga til grunn nokre verdiar. Gjennom prosessen er verdiane definert.

Aksept - for at Stord er regionsenter i Sunnhordland

Identitet – at Sunnhordland er identiteten i arbeidet

Raushet –for at eit auka fokus på Stord og er godt for resten av regionen

Strategiske mål

1. Saman er me sterke
2. Den tette byen
3. Kraftsenter for klyngeutvikling
4. Kompetanse

Prosjekt mål

Prosjekt mål

Visjon

Regionbyen Stord – lokomotiv for vekst og utvikling!

Verdiar for arbeidet i fase 2

Aksept- Identitet – Raushet

Forankring

Forankring

Strategiane byggjer på følgjande planar:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Vedteken desember 2014.

Føremålet med Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel er å etablere ein robust og føreseieleg struktur for å sikre attraktive senter og balansert utvikling i Hordaland fylke.

Regional forskningstrategi for Hordaland

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 har som formål å styrke det regionale innovasjonssystemet ved å legge til rette for betre samarbeid mellom regionale aktørar og forskingsmiljø i fylket, og mobilisere fleire private og offentlege aktørar til forskingsaktivitetar.

NæringsPlanen for Hordaland 2015

Satsingsområda :

1. Meir entreprenørskap og innovasjon.
2. Fleire med relevant kompetanse
3. Attraktive regionale senter

Fylkesdelplan for Sunnhordland

Planen har felles regionale mål og strategiar for utbyggingsmønster og transportiltak, hovudutfordringar for vidare utvikling, framlegg til strategiar og utvalde satsingsområder.

Kommunedelplan for Leirvik, vedteken i 2007.

Politisk

Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av tre valte representantar frå kvart kommunestyre i regionen. Dei har gjeve sin tilslutnad om at det er ynskjeleg at regionen går vidare til fase 2.

Søknaden vil bli politisk forankra i samarbeidskommunane i løpet av mai. Vedtak vert oversendt i etterkant.

Prosjektorganisering

Styringsgruppe: Samarbeidsrådet for Sunnhordland – ordførarar og rådmenn i regionen

Prosjektorganisering

A eigar Stord kommune

Prosjektansvarleg :Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune

Prosjektleiar : Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Prosessleiar : Inger Karin Larsen

Partnerar : Atheno AS, Maritime Clean Tech (NCE) næringsråda i kommunane, Kvinnherad næringservice og Hordaland fylkeskommune.

Samarbeidspartnerar

Atheno AS er eit regionalt samarbeidsorgan for industribedrifter i Sunnhordland. I tillegg har selskapet inkubator i fem av kommunane og førstlinjeteneste i fire.

Atheno vil ha eit hovudansvar for arbeidet med industriklynger.

Kvinnherad Næringservice

Medlemsorganisasjon for næringslivet i Kvinnherad. Og har hovudfokus på næringsutvikling og service/rådgeving til bedrifter og nyetablerarar. Selskapet vil vera ein støttespelar i arbeidet med klynger , omdømme og Saman er me sterke.

Hordaland fylkeskommune

Ungdomsråda i regionen

Kommunane i regionen har ungdomsråd. Dette er ein viktig ressurs for utviklingsarbeidet i regionen.

Dei skal vera aktive i dei fleste prosessane i fase2.

Andre

Næringsråda i kommunane, bedrifter og Høgskulen Stord Haugesund.

Samarbeidspartnere

Samarbeidspartnarar

Atheno AS er eit regionalt samarbeidsorgan for industribedrifter i Sunnhordland. I tillegg har selskapet inkubator i fem av kommunane og førstlinjeteneste i fire.

Atheno vil ha eit hovudansvar for arbeidet med industriklynger.

Kvinnherad Næringssservice

Medlemsorganisasjon for næringslivet i Kvinnherad. Og har hovudfokus på næringsutvikling og service/rådgeving til bedrifter og nyetablerarar. Selskapet vil vera ein støttespelar i arbeidet med klynger , omdømme og Saman er me sterke.

Hordaland fylkeskommune

Haugaland vekst : gjennom deltaking i Byregionprogrammet og gjennom fellesmøter mellom ordførarar og rådmenn i regionen.

TEAM Sunnhordland : Nettverk mellom dei som arbeider med næringsutvikling i regionen.

Ungdomsråda i regionen

Kommunane i regionen har ungdomsråd. Dette er ein viktig ressurs for utviklingsarbeidet i regionen.

Dei skal vera aktive i dei fleste prosessane i fase2.

Andre

Næringsråda i kommunane, bedrifter og Høgskulen Stord Haugesund.

Aktiviteter

NB!

I beskrivelsen av aktivitetane i prosjektet er det for mange teikn.

Aktivitetane ligg difor som vedlegg.

Aktivitetane er beskrevne frå "Verdiar for arbeidet i fase 2I" og er på i alt 8 sider.

For at ikkje sammenhengen skal falla vekk - ligg heile søknaden som vedlegg!

Målgrupper

Målgruppa for prosjektet er innbyggjarar og næringsliv i kommunane i regionen.

Resultat

Auka samspel mellom kommunane, innbyggjarane og næringslivet i regionen.

Nye arbeidsplassar og styrking av eksterande.

Regionbyen Stord – lokomotiv for vekst og utvikling!

Effekter

Styrking av samarbeid og fjerning av flaskehaksar skal styrkja regionen sin attraktivitet. Prosjekta Rogfast, Hordfast og endringar i kommunestruktur vil gje regionen store utfordringar, men iførst og fremst moglegheiter.

Ved deltaking i KMD sitt utviklingsprogram for Byregionar fase2 vil regionen møta desse utfordringane på ein offensiv måte og få:

Eit sterkt og tydeleg fokus og auka motivasjon for arbeid med samhandling og endringar

Ressursar til å arbeida med dei strategiane som regionen har valt å prioritera

Nyttige læringsmiljø saman med andre rgonar i nettverk under Distriktssentert

Ressursar som gjer auka kvalitet i prosessen og i plan for vidare utvikling av regionen.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Sjå vedlegg

Kostnadsplan/budsjett

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Den tette byen	265 000	522 000	236 000	1 023 000
Felleskostn. (pl, prosess, prosessleiar)	522 000	907 000	917 000	2 346 000
Klyngeutvikling	325 600	730 600	712 600	1 768 800
Kompetanse	142 800	227 200	203 200	573 200
Saman er me sterke	366 000	595 200	595 200	1 556 400
Sum kostnad	1 621 400	2 982 000	2 664 000	7 267 400

Prosjektkostnader er spesifisert i eige detaljert budsjett - sjå vedlegg

«Kostnadene skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Andre		50 000	114 000	164 000
Andre, klynge	20 000	250 000	180 000	450 000
Andre, Mulighetsstudie	20 000	200 000	50 000	270 000
Andre, Saman er me sterke	34 000	70 000	76 000	180 000
Atheno	50 000	50 000	50 000	150 000
Eigeninnasts fellesprosjekt	237 000	357 000	357 000	951 000
Eigeninnsats 4 delprosjekt	449 400	960 000	762 000	2 171 400
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	811 000	1 000 000	1 000 000	2 811 000
Samarbeidsrådet		45 000	75 000	120 000
Sum finansiering	1 621 400	2 982 000	2 664 000	7 267 400

Spesifisering av eigeninnsats ligg som vedlegg.

«Byregionens egenfinansiering skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
AKTIVITETAR.docx	26 495	04.05.2015
Eigeninnsats Fase 2.pdf	216 989	04.05.2015
Rapport_ByenRegionsenterStord_SRS.pdf	7 129 165	04.05.2015
Regionsbyen Stord rev 1.ppt	332 288	04.05.2015
Spes.budsjett.pdf	356 785	04.05.2015
Søknad Byregionprogrammet fase 2.pdf	982 949	04.05.2015